



Nr 2

2019

70. årgang

*God sommer!*

# Alværastemnet 2019

2.juni var det Alværastemne dette året. Ein fin flokk var samla til gudsteneste på føremiddagen, ja om lag 65. Vi var nokre frå Hyllestad, og på ettermiddagsamlinga vart vi fleire, då Moreld deltok med fin song. Det var over 20 frå Balestrand denne gongen. Ved pianoet på gudstenesta sat Ole Agnar Helland, tidlegare sokneprest i Hyllestad. Audun leia gudstenesta, og noverande sokneprest i Balestrand, Kjetil Netland, hadde preika. I den kom han mykje inn på situasjonen i Mali, som kyrkjelyden her har hatt som sitt misjonsprosjekt gjennom mange år no. Det er utfordrande tider der, og det kallar oss til bøn og omsorg for dette landet og folket. Sjølv om dette er ei heil preike, vel vi denne gongen å nytte den som andakt her i dette nummeret av kyrkjeblad. Det gjev oss noko til ettertanke, og samstundes god informasjon om misjonsprosjektet.

**Sundag før pinse  
Joh 16, 12 – 15**

**2. juni 2019 Sokneprest**

**Kjetil Netland, Balestrand**

*Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no. Men når han kjem, Sanningsan-den, skal han leia dykk fram til heile sanninga. For han skal ikkje tala av sitt eige, men tala det han høyrer, og fortelja dykk det som skal koma. Han skal herleggjera meg, for han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk. Alt det som Far min har, er mitt. Difor sa eg at han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.*



Foto: Jostein Risa

## **1. Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no.**

Eg fekk ein e-post frå Frode Sætre denne veka. Han bed meg helse så mykje til dei som kjem på Alværa-stemnet, og takka for forbøn og støtte.

Han skriv at det står bra til med han der, i Mali. Det går mot slutten av varmetida og byrjinga av regntida. Det gjer godt for sinn og sjel når regnet kjem, temperaturen fell og den brune jorda vert grøn av friskt gras.

Er de med på å lese desse orda frå Jesus, med synsvinkel frå Mali?

Klarer vi å førestille oss korleis dette evangeliet høyrer ut for dei kristne fulanarane og for mi-sjonærane som arbeider i Mali?

Kva tenkjer dei når Jesus seier: *Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no.*

Det er mykje dei kristne fulanarane i Mali må bera for tida:

- eit land prega av terror
  - store konflikter mellom folkeslag og interessegrupper
  - det området kor FN for tida har størst innsats med fredsbevarande styrkar
  - politisk handlingslamming og svak nasjonal leiing
- Dei har det utrygt. Dei lever i stadig frykt for å verte mål for terror.

Kva kan dei bere?

Frode Sætre skriv og oppmodar oss til å be for dei kristne som

bur i Mopti-regionen. I dette området kontrollerer militante muslimar mykje av områda utanfor dei større byane. Be om beskyttelse for dei kristne, og om einskap mellom dei.

Jesus ser dei kristne fulanarane i Mopti og i Mali. Han ser korleis dei kvar dag er redde for seg sjølve og familien sin, og for levebrødet. Dei er nye som kristne. Kyrkja deira er lita. Dei har ingen sterk organisasjon i ryggen

No gjeld det at dei held fast på det dei har lært, at dei prøver å møtast til bøn og gudsteneste, og at fellesskapen ikkje vert øydelagt av indre spenningar.

Jesus har omsorg for dei og for oss. Han veit at det er summen av påkjenningar som avgjer kva vi menneske maktar å bere.

Difor seier han:

*Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no.*

Vi lever i ein del av verda som er totalt annleis enn Mopti og Bamako.

Vi har trusfridom og politisk tryggleik. Redsel for terror hemmar oss ikkje i kvardagen. Vår utfordring er at vi lett kan verte sløve av at vi har det så godt. Men det er andre påkjenningar som vi må bere.

Det er ikkje alt du skal ta på deg, sjølv om det er viktig nok. Men Den heilage ande vil gje deg det du treng for å halde fast på trua og gjere di oppgåve. I dag skal du få ta imot han i nattver-den. Der møter han oss med tilgjeving og nytt liv.

## 2. Sanningsanden, skal ... leia dykk fram til heile sanninga.

Vi har høyrte tre bibeltekstar. I desse tre bibelavsnitta møter vi tre kjende ord: **Vegen, sanninga og livet.**

I Apg 24; Paulus vart ført til kystbyen Cæsarea, og skulle forsvare seg for landshovdingen Feliks. Paulus sa at han var fengsla på grunn av at han forkynnte at Jesus hadde stått opp frå dei døde, og for at han dyrka Gud gjennom å følgje **VEGEN.**

I det fyrste brevet sitt skriv Johannes at den som har Sonen, har **LIVET.** «Gud har gjeve oss eig liv, og dette livet er i hans Son.»

Og i evangelieteksten frå Joh 16 kallar Jesus Den heilage Ande for Sanningsanden. Han seier at *Sanningsanden, skal ... leia dykk fram til heile SANNINGA.*

I desse tre tekstane vert vi minna om at Jesus har gjeve oss det vi treng for å nærme oss Gud, for å vere i fellesskap med han, for å få tilgjeving for syndene våre, for å få leve i Guds nåde og for å få det evige livet.

Vi vert minna om det Jesus seier:

*Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.*

Ein muslim tenkjer at Koranen er fasiten på alle dei viktige spørsmåla i livet.

Koranen reknar Jesus som ein stor profet, men avviser at han er Guds Son. Vegen til Gud går gjennom å utføre dei gjerningane som Gud krev.

Det er krevjande for ein muslim å sjå at Jesus opna ein annan veg, - at vegen til Gud går gjennom at Jesus gav livet sitt for oss då han døydd på krossen.

Frode Sætre skriv at det dei siste åra har vore mange muslimske fulaniar som ønskjer å vita kva som står i mosebøkene og i evangeliet. «Det er spanande å få lov å lesa og samtala saman om tekstar frå desse bøkene. Eg kjenner sterkt på at det er utanfor mi makt å, -på ein eller an-



Foto: Jostein Risa

nan måte, overtala folk som er fast overtydde om at Koranen er fasiten på alt, om at dei treng evangeliet, slik det står i vår Bibel. Det kan berre skje ved at Den Heilage Ande verkar.»

Vi høyrde i Joh 16 at Den heilage ande skal herleggjere Jesus. Han skal kaste lys over Jesus så vi kan sjå han og tru på han. Jesus seier at *Sanningsanden, skal ... leia dykk fram til heile sanninga.*

I Mali ser det ut til at Sanningsanden brukar verke midlar som kan verke ukjende for oss: Det er nokre folk som har sett Jesus i draumar. Det har gjort dei nysgjerrige på kven Jesus er. Og det er flott at Frode og andre kan få under- vise dei om kva Bibelen fortel om Jesus og følgje dei opp, på vegen vidare. Frode har i 1 ½ år hatt jamnleg undervising for ei gruppe Koran-lærde. Dei kan vi vere med å be for, at Den heilage ande leier dei fram til sanninga i Jesus.

Jesus seier: *Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.* Det er ingen annan veg til Gud enn gjennom trua på Jesus og gjennom å verte døypt i hans namn. Når alt kjem til alt, er det basisen for misjonsarbeidet til NMS og for drifta her på Alværa. Dei siste tre åra har nokre få fulanarar teke dette bibelordet på alvor og vorte døypte i påska. Dei òg treng at vi bed for dei.

## 3. Han skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.

I Mali er det nokon som har møtt Jesus i draumar, og som vert urolege og søkjer svar. Dei tek uroa på alvor og kjem til bibelundervising. Så er det Den heilage ande som må overtyde dei om kven Jesus er. Jesus seier Sanningsanden *skal ta av det som er mitt, og forkynna det for dykk.*

Her i Noreg kan Den heilage ande gje oss ei uro inni oss. Noko som gjer at vi grublar på kva meininga er med alt dette? Dersom vi ser eit menneske frå sida, så ser ryggsoyla vår ut som eit spørjeteikn. Det er kjenne-teiknet for oss menneske at vi spør:

Kvar kjem eg frå? Kvar skal eg? Det er om å gjere at vi tek den uroa på alvor. For det er Den heilage ande som lokkar på oss gjennom denne uroa. Så det er om å gjere at vi ikkje døyver uroa med å kjøpe meir, reise meir, oppleve meir. Men at vi vågar bli konfrontert med dei store spørsmåla i livet, og tek dei på alvor.

Det er særmerkt for mennesket at vi har ei ånd, at vi har den eigenskapen at vi kan vere open for å ha kontakt med Gud. At vi er utstyrt med ein kanal til å ta imot Guds signal til oss. Mange



Foto: Jostein Risa

menneke – og vi sjølve òg – stenger den kanalen. Ikkje gjer det! Høyr etter når du vert kalla på!

For Gud kallar på oss menneske. Han har ei meining med livet ditt. Han har eit kall til deg, noko han vil at du skal bidra med i verda, i samfunnet, i bygda, i familien din, i kyrkjelyden og Guds verdsvide kyrkje på jorda.

Det er han som har skapt deg. Gud kallar deg til å vere ein

forvaltar.

Framfor alt kallar han oss til å forvalte evangeliet.

Paulus skriv til kyrkjelyden i Roma: *Grekarar og barbarar, lærde og ulærde – alle står eg i gjeld til. Difor er det eg ønskjer å forkynna evangeliet òg for dykk i Roma.*

Vi kan skrive det om til oss:

Fulanarar og nordmenn, syrarar og sogningar, lærde og ulærde – alle står vi i gjeld til. Vi har alle eit kall til å forkynne evangeliet til dei i gjerning og ord.

Og vere med å be for Frode Sætre og dei andre misjonærane i Mali, be for dei som dei får kontakt med, be for vår eiga norske kyrkje, stille oss til disposisjon i kyrkjevalet, bidra i kyrkjelydsarbeidet, vere med å

gje ny framtid for Alværa ....

Ta på alvor den uroa som Den heilage ande gjev deg.

Ta på alvor når Jesus bankar på hjå deg.

Ta på alvor at Gud har skapt deg til å vere ein forvaltar. Lat heile livet ditt vise at du liknar på Paulus, - han som dyrka Gud gjennom å følgje VEGEN.

Jesus seier:

Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, som var, er og vere skal ein sann Gud frå æve og til æve. Amen

## TAKK FOR MINNEGÅVER VED GRAVFERDENE TIL INGRID OG JOHANNES RYLAND

I samband med gravferdene til Ingrid og Johannes Ryland har det pr.18.juni kome inn kr. 25.118,50 i minnegåve til Barne og Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Vil, på vegne av barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, med dette retta ei stor takk til dei pårørande og kvar einskild gjevar !

TAKK!

## MORELD



Songgruppa «Moreld» har vore i aktivitet nokre år no, dei har for det meste songar frå Bill Gaither miljøet på repertoaret. Sondag 19. mai gav dei oss ein flott kveld, med mykje fin song. Dei jobbar med å få fleire av tekstane over på norsk, slik at fleire av oss får endå meir glede av dei sterke tekstane. Heldigvis hadde dei ei litt enklare omsetjing med essensen i tekstane som ein kunne lesa medan dei song, noko som var svært kjærkome for enkelte av oss. Takk! Vi gler oss til neste konsert!

## 2.Pinsedag



Ein triveleg flokk samla til ei fin, men litt våt og kald, gudsteneste i byggegrunnen til dagsturhytta ved Sørefjordsvatnet. Reidun Porten bar med seg kornetten og sytte for godt og stødig tonefylgje til salmesongen. Dagsturhytta har i sumar kome på plass, so her vert det nok fleire friluftsgudstenester i åra som kjem

# Oppsummering av VISJONÆR VERKSTAD i kyrkja!

OPPSUMMERT ANDRE SAMLING

**NÆR GUD NÆR  
MENNESKE - ALLTID**

• **Gud gir og vi deler den gode skatten**

OPPSUMMERT SAMLING - 3



**Vi er nøgd med utkast til visjon og verdigrunnlag:**

- Nær Gud Nær Menneske – Alltid

**.....og basert på at:**

- «Gud gir og vi deler den gode skatten» som vi uttrykker gjennom våre kjære verdier:
- Inkluderande fellesskap, med glede, rausheit og Jesus fokus
- Sett, høyrte og teken på alvor
- Involvering i lokalmiljøet
- Vise praktisk omtanke og nestekjærleik
- Givarteneste

Arbeidet har vi oppsummert i desse 2-power point arka😊

Hyllestad Sokneråd innbaud i 2018 til ein felles «dugnad» for å rette fokus på eit arbeid med å finne lokalkyrkja i Hyllestad sin Visjon. Dette arbeidet starta ein så opp hausten 2018, 15-20 ivrige sjeler sette seg saman over nokre kveldar, og arbeidet oppsummerte ein no med ei lita samling i april i år.

Spørsmåla ein stilte seg var:

- **Kva er vårt oppdrag, vår misjon som kyrkjelyd?**
- Kan vi formulere prioriteringar i ein strategi for kyrkja som inneheld ei kort og presis skildring av:

**KVA** vi vil gjere,  
for **KVEN** skal vi gjere det,  
**KORLEIS** vil vi gjere det  
og **KVA TID** skal vi gjere det?

Og grunnen til kvifor vi gjorde dette:

- Vi hadde godt av å komme i lag på tvers av arbeidsforhold, stab, frivillige, råd og utval m. fl.
- Vi hadde heilt sikkert godt av diskusjonen😊
- Vi trong kanskje ei påminning om kva vi er og skal vere i kvardagen.
- Vi trong kanskje bli meir bevisste og konkrete i vårt arbeid, jobbe meir mot definerte mål.

Den vidare handsaminga og eit endeleg vedtak, er det opp til det nye soknerådet å gjere, men både prosjektgruppa og det nye soknerådet vil gjerne ta imot innspel frå deg som meiningsfelle i kyrkjelyden😊

*Jostein Ryland  
Prosjektleiar*



**Hyllestad  
kyrkjekontor  
har formidlingsal  
av gravminne frå**



Vi formidlar og kontakt med skrifthoggar for oppfrisking av namn eller innlogging av nye namn.

**Ta kontakt med :**

Aslak Åm Sognnes, tlf. 97583290

# Kyrkjevalet

*Di kyrkje  
Ditt val  
Stemma di tel*

kyrkjevalet.no



DEN NORSKE KYRKJA

# Di røyst

***Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er røysta di viktig i Kyrkjevalet! Når du røystar, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å avgjere kven som skal leie den framover.***

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting, kan du i eit vallokale like ved, røyste på kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også røyste på førehand frå 13. august til 5. september.

## To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan røyste på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

*Til soknerådsvalet i Hyllestad* har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatar til soknerådet og leie kyrkjelyden dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrarøyst. Kandidatane med flest røyster blir med i rådet.

*Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Bjørgvin* stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelige samansetjinga av rådet speglar både kor mange røyster som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra røyst til tre kandidatar og i tillegg flytta over

# tel i Kyrkjevalet



*Di røyst er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet. Foto: Kyrkjerådet*

inntil tre namn frå andre lister til den lista dei røystar på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset mellom anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja.

## Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og gje di røyst!

Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet, på nettsida vår eller på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Godt val!

## Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 røysta 520 323 kyrkjemedlemmer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å røyste ved Kyrkjevalet 8.-9. september.

- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har røysterett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulike utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemmer verta valde inn ved Kyrkjevalet 2019.

Nominasjonskomiteen si liste til soknerådsvalet 2019

i prioritert rekkefølge:

## SOKNERÅDSVAL 9. september 2019

|     |                               |      |
|-----|-------------------------------|------|
| 1.  | Brit Inger Skaar, f. 1966,    | 6953 |
| 2.  | Steinar Urnes, f.1944,        | 6953 |
| 3.  | Linda Ølmheim, f.1969,        | 6958 |
| 4.  | Kurt Arve Kjos f.1966,        | 6957 |
| 5.  | Reidun Skår, f.1962,          | 6953 |
| 6.  | Rune Risnes, f.1961,          | 6957 |
| 7.  | Liv Synnøve Andersen f.1971,  | 6958 |
| 8.  | Atle Tønning, f.1965,         | 6953 |
| 9.  | Magnhild Hofland, f. 1949,    | 6957 |
| 10. | Asbjørn Lylund, f. 1964,      | 6953 |
| 11. | Odd Takle, f.1956,            | 6953 |
| 12. | Anny Dale Fureli, f. 1957,    | 6957 |
| 13. | Helge Roald Jomisko, f. 1962, | 6953 |

## Tid og stad for kyrkjevalet, samt førehandsrøysting:

**Kyrkjevalet** skjer måndag 9. september 2019.

Det er då val til Hyllestad sokneråd og val til Bjørgvin bispedøme/Kyrkjemøtet

Hyllestad kommune har gjort vedtak om at kommunevalet og val til Vestland fylkeskommune blir i Fleirbrukshallen dersom den blir ferdig.

Alternativt blir valet som tidlegare på kommunehuset. Hyllestad sokneråd sitt val skal avviklast i same bygning, men tydeleg åtskilt.

**Opningstida for valet er kl.9-20.**

**Du kan førehandsrøyste** på kyrkjekontoret (3.etg. i kommunehuset attmed kanti-na/kommunestyresal) **tysdagar og torsdagar 13.august – 5. september kl. 10:00-14:00**

Det vert og høve til førehandsrøysting på Hyllestad helse og omsorgssenter, Eiklund, tysdag 3.september kl. 10:00-12:00



DEN NORSKE KYRKJA

# Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på **[kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin)** eller **[kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no)**. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedømerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

## Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.


Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkjelyden til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som søkjer Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på  
[www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)



**Stein Oltedal**  
f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



**Solaug Anita Apelthun Sæle**  
f. 1951, økonomisjef, Fjell.




**John Eivind Warvik**  
f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



**Anne Kristine Torvik Christiansen**  
f. 1954, vernepleiar, Fjell.



**Øyvind Skartveit**  
f. 1992, student, Tysnes.




**Magdalena Steinhoven**  
f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



**Stig Bruun**  
f. 1968, økonom, Rådal.



**Jan Frank Leirkar Christiansen**  
f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



**Anna Helena Bruun**  
f. 1974, rekneskapsfører, Rådal.



**Andreas Skjelde**  
f. 1993, student, Slettebakken.

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

## Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på [nominasjonslisten.no](http://nominasjonslisten.no)



**Vemund Atle Øiestad**  
f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



**Turid Fjose**  
f. 1969, overlege, Voss.



**Per Hilleren**  
f. 1959, bonde, Stedje.



**Mali Smemo Hjemdal**  
f. 1973, rådgjevar, Etne.



**Gerhard August Hansen**

f. 1951, pensjonist, Os.



**Daniel Kydland**

f. 1997, student, Knarvik.



**Madli Kvamme Hannisdal**

f. 1950, pensjonist, Osterøy.



**Leif Steinar Alfsvåg**

f. 1959, fagseksjonsleiar, Stord.



**Harald Berge Breistein**

f. 1956, dagleg leiar, Åsane.



**Arve Kjell Uthaug**

f. 1967, administrasjonssjef, Frekhaug.



**Kristian Slettebø**

f. 1989, revisor, Bergen.



**Liv Oddlaug Skaaheim**

f. 1948, pensjonist, Førde.



**Ingrid Grimstad**

f. 2000, student, Stord.

## Open folke- kyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles [www.apenfolkekirke.org](http://www.apenfolkekirke.org) for fullstendig valgprogram.



**Karl Johan Kirkebø**

f. 1950, pensjonist, Bergen.



**Nora Sætre Baartvedt**

f. 1994, teologi-student, Voss.



**Runar Larsen**

f. 1997, student, Sveio.



**Line Berggreen Jacobsen**

f. 1986, rådgjevar, Bergen.



**Oddny Irene Miljeteig**

f. 1954, komitéleiar, Bergen.



**Eiel Holten**

f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen.



**Åse Kongsvik**

f. 1962, rettleiar, Leikanger.



**Erik Torp Nilssen**

f. 1947, pensjonist, Førde.



**Torill Jørgensen Frøise**

f. 1972, gruppe-sekretær, Askøy.



**Håkon Glatved-Prahl**

f. 1956, journalist, Alversund.



**Marit Melvær Berge**

f. 1952, pensjonist, Florø.



**Christian Emil Haugen**

f. 1990, student, Bergen.



**Therese Nesse Møkelbost**

f. 1973, administrasjons-konsulent, Bergen.



**Ann Elisabeth Tveit**

f. 1972, lærar, Bergen.

# Godt å vite om valet

## Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

## Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

## Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

## Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

## Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

## Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømet på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

## Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

### I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

### Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.  
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

# Litt om gudstenestene som kjem:

**Søndag 4.august kl.12 prøver vi på ny med gudsteneste på Risneshaugane, ved Havørnbautaen.** Denne vart lagd til Hyllestad kyrkje i fjor grunna dårlege vermeldingar. For nokre år sidan var det friluftsgudsteneste der, med godt frammøte og me håpar det vil legge seg godt til rette dette året. Lokale krefter har lova stille opp ved kyrkjekaffien etter gudstenesta, og det er Sjømannskyrkja som får takkofferet denne søndagen. Det kan vere lurt å ha med seg noko å sitte på. Vel møtt frå nær og fjern! (Skulle veret bli dårleg, vert me i Hyllestad kyrkje)



## **GUDSTENESTE I PORTEN SØNDAG 11.AUGUST KL.14**

I Porten har det også vore gudstenester før. Her har ein den gamle skulen å vere i, om veret skul- le bli dårleg. Elles er det fint å vere ute på tunet der. Lokale krefter syter for saft/kaffi og litt å bite i. Tek ein dagen i område der, så er det lurt å ha med litt meir å nære seg på, i sekken. Det vert planlagt skyss med båt frå Sørbøvåg kai allereie kl.12.(litt kostnad ved skyss). Då skulle ein ha god tid til eventuell omvisning på gamle tomter ved Porten og Storaker. Dette er jo og ved foten av Lifjellet, med fint turterreng. Vel møtt til ein spennande augustsøndag!



## **50-ÅRSKONFIRMANTAR I HYLLESTAD 18.AUGUST**

I 1968-69 gjekk dei over frå å ha konfirmasjon på hausten til om våren her i Hyllestad. Difor vart det ikkje markering av 50-års konfirmantar i fjor. No vert det i 2019, og dei som kan ha jubileum vart konfirmerte i juni 1969. Sjølv markeringa legg vi til gudstenesta 18.august kl.11, av praktiske årsaker. Vel møtt til denne gudstenesta både til jubilarar og andre.

## **KONFIRMANT-PRESENTASJON 25.AUGUST**

Det ser ut til å bli eit bra stort kull som vert konfirmerte neste år i Hyllestad. Dei vert presenterte for kyrkjelyden søndag 25.august kl.11. Det var eigentleg planlagt litt seinare, men i september reiser dei til Polen med dei kvite bussane. Kjekt å komme tidleg i gang!

## **100-ÅRSMARKERING PÅ RAMSGRØ 25.AUGUST**

I år fell datoen for den årlege basaren på Ramsgro saman med hundreårsdagen for innviinga av bedehuset, 25.august 1919. Det vert ei liturgisk opning, og så tradisjonell basar med åresal og trekking av fine gevinstar!

## **TRUSOPPLÆRINGSGUDSTENESTER/TILTAK TIL HAUSTEN**

Det er ei gledeleg stor oppslutning om trusopp- læringsarbeidet i Hyllestad. Til hausten er det tre søndagssamlingar/gudstenester der trusopp- læring spesielt står på dagsorden. Så er det og sam- lingar i tilknytning til dei.

Søndag 29.september kl. 16 vert det utdeling av 4-årsboka. 6-åringane får si bok ved ei gudste- neste søndag 27.oktober. I november er det ei gudsteneste 17.nov kl.11, der born får utdelt ein såkalla kyrkjerottefilm.

# Konfirmerte



**Hyllestad 28.04.2019:**

Tor-Emil Thorsnes Solstad, Lise-Malene Boge, Lars Emil Hovland Siljander, Robin Avedal Skaar, Jakob Sognnes Solheim, Henrik Øen, Astrid Eiken Flage,



**Bø Kyrkje 12.05.2019**

Jardar Kjos, Marte Ness, Kaja Isabel, Lavik Wilson

## Glede og sorg

### Døpte

#### Hyllestad:

Elea Brendsdal

### Døde

#### Bø:

Else Johanne Juvik

f. 1928

Leif Osvald Tveit

f. 1937

#### Hyllestad:

Ingvald Olai Tonning

f. 1922

Kåre Gunnar Djupevik

f. 1925

#### Øn:

Aud Margon Øen

f. 1946

Ingrid Ryland

f. 1930

Johannes Ryland

f. 1925

## Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte  
hjelpе dykk som pårørande,  
med alt som høyrer  
ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
www.blomstertorget.no

Vi tek sikte på å fylla minst  
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr  
år) med annonser til fylgjande  
prisar:

### Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år  
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

### Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år  
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

## ÅM SOGNES BYGDESERVICE



### PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

### STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

### LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving

6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no



**HAVYARD**

Improving life at sea

**SPAR**   
**Hyllestad**

ÅPEN 09-20 (18)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektrikar,  
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
  - Eigen prosjekteringsteneste
  - Byggeleiing og prosjektleiing

**NORGESHUS**  
Ryland Bygg

6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

# Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:  
[www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no) og på facebook

|                                |                |                                                                                                                            |
|--------------------------------|----------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 28.juli: Øn                    | kl. 20:00      | Songgudsteneste Offer: Kyrkjelydsarbeidet                                                                                  |
| 4.aug: Havørn-bauta, Lifjorden | kl.12:00.      | Offer: Sjømannskyrkja                                                                                                      |
| 11.aug: Porten gamle skule     | kl. 14:00.     | Båtskyss frå Sørbøvåg kai kl.12:00<br>Offer: NLA, Norsk Lærarakademi                                                       |
| 18.aug: Hyllestad              | kl.11:00       | 50-årskonfirmantar Offer: Kyrkjelydsarbeidet                                                                               |
| 25.aug: Hyllestad              | kl.11:00       | Konfirmantpresentasjon. Offer: Familie og Medier                                                                           |
|                                | kl.14:30       | Ramsgrø bedehus . Basar m. liturgisk innleiing.<br>100-årsmarkering                                                        |
| 1.sept: Ikkje gudsteneste      |                |                                                                                                                            |
| 8.sept: Bø kyrkje              | kl.11:00       | Offer: Kyrkjelydsarbeidet                                                                                                  |
| 15.sept: Ikkje gudsteneste     |                |                                                                                                                            |
| 22.sept: Øn kyrkje             | kl.11:00       | Offer: Misjonsprosjekt Mali                                                                                                |
| 29.sept: Hyllestad             | kl.16:00       | Fam.gudst. med utdeling av 4-årsbok. Dåp.<br>Offer: Trusopplæringsarbeidet                                                 |
| 6.okt: Hyllestad               | kl.11:00       | Ungdomsgudsteneste i samband med base Camp.<br>AS i samarbeid med Solution ungd.klubb. Takkoffer: Ungdomsklubben Solution. |
| 13 .okt: Ikkje gudsteneste     |                |                                                                                                                            |
| 20. okt: Hyllestad             | kl. 15:00      | Kyrkjelydsbasar med gudstenesteleg opning. Presentasjon av det nye soknerådet                                              |
| 23.okt: (Onsdag): Bø           | kl.19:00       | Temagudsteneste. Sorg og håp, Offer: «Leve».                                                                               |
| 27.okt: Hyllestad              | kl.17:00 (NB). | Familiégudst. med utdeling av 6-årsbok Offer: Trusopplæringsarbeidet                                                       |
| 3. nov: Hyllestad              | kl.16:00       | Helgemessesøndag. Vi minnst dei døde Offer: Kyrkjelydsarbeidet                                                             |
| 10.nov: Ikkje gudsteneste      |                |                                                                                                                            |
| 11.nov: (måndag) Øn            | kl. 19:00      | Songkveld m kveldsbøn. Salmar frå Salmeboka AS. Offer: Stefanusalliansen                                                   |
| 17.nov: Hyllestad              | kl.11:00       | Fam.gudst. med utdeling av Kyrkjerottefilm.<br>Offer: Mali                                                                 |
| 24.nov: Ikkje gudsteneste      |                |                                                                                                                            |
| 1.des: Hyllestad               | kl.18:00       | Lysmesse med konfirmantane Offer: Alværa misjonssenter                                                                     |
| 8.des: Ikkje gudsteneste       |                |                                                                                                                            |
| 15.des: Hyllestad              | kl.19:00       | Julekonsert m.andakt. Kollekt v.utgangen                                                                                   |
| 22.des: Eiklund omsorgssenter  | kl.11.30       | Adventsgudsteneste                                                                                                         |
| 24.des: Øn                     | kl.14:00       | Offer: Kirkens Nødhjelp                                                                                                    |
| Bø                             | kl.16:00       | Offer: Kirkens Nødhjelp                                                                                                    |
| 25.des: Hyllestad              | kl.14:00 (NB)  | Offer: Mali                                                                                                                |
| 26.des: Ikkje gudsteneste      |                |                                                                                                                            |
| 29..des: ikkje gudsteneste     |                |                                                                                                                            |
| 31.des: Hyllestad              | kl.15:00       | Gudsteneste ved årsskiftet. Offer: Opne Dører                                                                              |

## INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



### Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

### Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

#### Faste medlemer:

Brit Inger Skaar  
Jostein Ryland  
Unni Systaddal  
Marion Olga Brendehaug  
Steinar Urnes  
Odd Takle

#### Varamedlemer:

1. Reidun Skår
2. Joakim Systaddal
3. Rune Risnes
4. Olaug Brendsdal

## Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: [post@hyllestad.kyrkja.no](mailto:post@hyllestad.kyrkja.no)

For anna adresseinfo sjå: [www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no)

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

### KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjevevjerje: Irene Fløde

E-post: [irene.flode@hyllestad.kyrkja.no](mailto:irene.flode@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: [aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no](mailto:aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: [audun.systad@hyllestad.kyrkja.no](mailto:audun.systad@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

### I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

### UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: [toril.lange@hyllestad.kyrkja.no](mailto:toril.lange@hyllestad.kyrkja.no) - Mobiltelefon: 922 40 966

### HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Brit Inger Skaar - Mobiltelefon: 909 90 437

### KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: [post@hyllestad.kyrkja.no](mailto:post@hyllestad.kyrkja.no)